

Det vert Cubatur i februar/mars 2019.

28.05.2018



Bilete syner frammøte på infomøte om Cubaturen.

**Slik det ser ut no, vert det Cubatur i måndsskifte februar/ mars 2019. 10 personar møtte fram på Dønhaug til den første orienteringa. Nokre alt bestemt seg, nokre er usikre og fleire har sagt dei vurderer å mælda seg på. For å sikra seg rimelege flybillettar, er der viktig med påmelding no. Eit høveleg tal ligg mellom 10 og 20. Ta kontakt med Magne Huglen på mobil: 970 40 153.**

Cubaturen vil gå over 21 dagar med avreise 28. februar frå Flesland via Amsterdam til Havana med KLM. Med bakgrunn i den litt usikre flysituasjonen på Cuba, vert det ikkje brukt fly innanriks på øya, men felles buss med guide. Etter nokre dagar i Havana med tur på historiske plassar, går turen mot sør/ aust der ein vil vera innom dei mest kjende byane på Cuba.

Mange har hørt om Santiago De Cuba, Holguin, Trinidad, Varadero, Santa Clara og Vinales. Det vert lagt opp til korte dagsturar og med overnatting på hotell med god standard. All reise, overnatting og noko mat og drikke er medrekna i den totale prisen på vel kr. 30.000,-.

Cuba er eit stadig meir populært reisemål. Det har samanheng med viktige historiske hendingar, klima, folkelivet og det å oppleva den største øya i Karibien i ein overgangsperiode med meir openhet. Obligatoriske stopp i Havana er mellom anna sigarfabrikk, romfabrikk, revolusjonsplassen og ikkje minst plassen der forfattaren Ernest Hemmingway budde og skreiv sine bøker. Det same gjeld plassen der Che hadde sin base før han døyde i 1967.

Ver med og sjå det verkelege Cuba, oppleva menneska, folkelivet og ikkje minst musikken.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Ein tur rundt i Havana i open drosje er ei oppleving i seg sjølv.